LEIKANGER
JAKT- OG FISKELAG

# ÅRSMELDING FRA STYRET I LEIKANGER JAKT OG FISKELAG

Styret har i 1998 vore:

| | |
|---|---|
| Leiar | Kurt Langeteig |
| Nestleiar | Odd Reksnes |
| Kasserar | Kjell Erik Strand |
| Sekretær | Sven Erik Vestby |
| Styremedl/ungd.ansv. | Nils Olav Langeteig |
| Jaktutval | Svein Inge Lundheim |
| Fiskeutval | Jan Thore Fedje |

Det har vore fem styremøte i arbeidsåret.

Arbeidet med å legge tilhøva til rette for ny lagsanlegg i Henjadalen har tatt ein stor del av oppmerksamheita for arbeidsåret. Ikkje minst i samband med utarbeiding av søknaden om tippemidlar, har det vore ei rekke med arbeidsmøte. Søknad vart etter mykje velvilje hjå grunneigar og Henjadalen sameige, avsendt i januar. Grunnlaget for aktiviteten var ein lovnad på opptil kr 400 000 i stønad frå Leikanger kommune. Anlegget er no kostnadsrekna til i overkant av 1,4 mill kr. Førebuande tiltak er alt gjennomført. Mellom anna er tømmer sagd og skore.

Ein annan viktig sak i arbeidsåret er førebuingane til NM i leirdueskyting som LJF saman med Førde og Askvoll/Holmedal skal arrangere til sommaren.

Med midlar fra kulturstyret i kommunen har laget kjøpt inn ein lavvu.

Laget har problem med å skaffe folk som er viljuge til å stå for instruksjon av nye jegrar. Vi kan i dag ikkje tilby slik instruksjon.

Når det gjeld aktivitet i jakt- og fiskeutvala, viser vi til eigen oppsummering fra desse.

I meldingsåret har laget hatt 91 medlemmer.

Styret

LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

**Årsmelding Jaktutvalet 1998**

Aktiviteten på leirduebana på Kleppa i året som har gått, kunne ha vore betre. Det har vore trening på bana to gonger i veka frå mai til jaktstart. Laget har arrangert to dagar med ope stemne og med god deltaking: I mai 29 deltakar med Kurt Langeteig som vinnar, i juni 37 deltakarar med Johannes Kulild frå Samnanger som vinnar.

For første gong har det vore arrangert lagsmeisterskap i leirduesti, forenkla program. Konkurransen vart arrangert saman med meisterskapen i jegertrap. I leirduestien trekte Kurt Langeteig det lengste strået, medan Frode Husum tok med seg vandrepokalen til odel og eige i jegertrap. I jegerklassa vart Per Ove Fossheim best i begge klassane.

Som vanleg har det vore deltaking i mange konkurransar på både lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Frå desse vil vi nemne at LJF hadde halvparten av finalistane i Sogn og Fjordane Cup og Nils Olav Langeteig som vinnar. I NM jegertrap var det med 6 deltakarar med bra, men ikkje oppsiktsvekkjande resultat.

LJF har i arbeidsåret delteke i tilrettelegginga for teljing av småvilt og hjort i kommunen. Avtale om Trastadalshytta er i hamn, og det vart registrert 25 bruksdøger for hytta.

Laget står framleis utan jegerprøveinstruktørar. Det aller siste kurset vert halde våren 1999. Det er då viktig at laget stiller opp.

I året har det vore arrangert haglekurs for 8 jegerprøvekandidatar frå Balestrand.

LJF er medarrangør for NM Jegertrap og leirduesti i Førde 10. – 17. juli 1999. Førebuande arbeid har vore gjennomført også i 1998.

LJF – jakutvalet
Svein Inge Lundheim
(formann)

Årsmelding frå FISKEUTVALET.

Aktiviteten i fiskeutvalet har i 1998 vore rimeleg nær botn. Utan å heingja seg opp, for så å verta sliten tvert av, greidde vi på tradisjonellt vis å arrangere den årlege sjøfiske-konkuransen om enn i litt summarlege råmer til "Vårsprell" å vera.
Nytt av året var ein eigen klasse for fiske frå båt.
Om det er mangelen på fisk eller om frysedisken på samvirke-laget har ein meir innbydande fangst å tilby, så talar den totale påmelding for at eitt eller anna er riv, ruskande gale.
Mang ein syrstrondskatt blei snytt for ein godbit, då samla fangst ville ha ført til at middag for to ville ha enda i slags-mål.
Ein av deltakarane ville sende "påsen" sin til Gades institutt, for å få prov for at det verkeleg var fisk han hadde i den.

Grunna forbod mot fiske etter laks og aure i Henjaelva, har ikkje laget fått inntekt på fiskekort for 98`sessongen.
Fiskeforvaltaren hjå Fylkesmannen har gjenomført eit prøve-fiske, for å kartleiggja yngelsituasjonen i elva.
Resultatet frå denne undersøkjinga er ikkje fullgod, då vanske-lege forhold som høg vassføring o.l, umogeleggjorde ei skikkeleg gjenomføring.

Vi har hatt ein god dialog med NVE og fiskeforvaltningen som tek sikte på få elva bedre skikka som vert for ei laks, eller aurestamme.
Tiltaka går ut på etablera ein permanent tilkomstveg for grave-maskin og lastebil som gjer det mogeleg å nytta gamle "Lakshøl" som steinfangar.
Dette vil opna for at kommunens behov for stein som fyllmasse i stor grad vert stetta utan store transportkostnader.
I tillegg vil ein hindre steinen i å gå over demmningen og endra elveformasjonen ved flaumar vår og haust.
Det kan koma på tale og ta ut litt stein her og der, men ved å plassera store blokker på ankver side nedover vil elva forma seg sjølv.
Dette vil og bli den metoden som er gunstigast med tanke på finansiering.

Vonar sesongen som kjem får det til å nappa hjå nokon og eikvar.

Med helsing
Jan Thore Fedje
Jan Thore Fedje
- Formann -

# REKNESKAPEN 1998

## UTGIFTER

| | | |
|---|---|---|
| Gebyr | 375,00 | √ |
| Porto | 380,00 | √ |
| Frakt | 500,00 | √ |
| Kurs/møte | 3 475,00 | √ |
| Kioskvarer | 1 505,00 | √ |
| Kjøp premiar | 10 308,52 | √ |
| Div. utgifter | 3 692,00 | √ |
| Kjøp skot/duer | 20 302,50 | √ |
| Trastadalshytta | 2 396,29 | √ |
| Nyanlegg Henjadalen | 26 516,68 | √ |
| Fiske | 448,00 | √ |
| NM/VM-deltaking | 780,00 | √ |
| Kjøp Lavvu | 5 876,00 | √ |
| | 76 554,99 | |

## INNTEKTER

| | | |
|---|---|---|
| Renteinntekter | 952,00 | √ |
| Inntekter trening/stemne | 37 778,00 | √ |
| Sponsorintekter | 4 500,00 | √ |
| Kontigentinnkreving | 3 160,00 | √ |
| Loddsal | 1 062,00 | √ |
| Leigeinntekt Trastadalshytta | 1 875,00 | √ |
| Fiskekort Nedre Henjaelv (97) | 1 680,00 | √ |
| Sjøfiskekonkurranse | 1 595,00 | √ |
| Kulturmidlar | 7 500,00 | √ |
| Kursavgift | 800,00 | √ |
| | 60 902,00 | |

UNDERSKOT: 15 652,99 √

## AKTIVA PR. 31.12.98:

| | |
|---|---|
| SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE | 28 904,76 |
| SKOT - DUER- PREMIAR M.M. | 10 721,25 |
| BYGG ANLEGG | 18 173,00 |
| LEIRDUEKASTAR M/UTSTYR | 25 449,00 |
| SUM AKTIVA | 83 248,01 |

Hermansverk 15.02.1999

Kjell Erik Strand

Kjell Erik Strand

Vi kan ikkje sjå at verdien av tømmer/materialar kjem fram i status.

Elles ingen merknad.

3. mars 1999.

Inge Ytri   Sverre Fossen

# STYRET I LEIKANGER JAKT OG FISKELAG 1998

**Forklaring:** A: ikkje på val 99
B: på val 99

**Styre**

| Kategori | Verv | Namn | Valnemnda sitt forslag |
|---|---|---|---|
| B | Formann | Kurt Langeteig | attvalg |
| A | Nestformann | Odd Reksnes | |
| A | Kasserar | Kjell Erik Strand | |
| B | Sekretær | ~~Sven Erik Vestby~~ | 10. april |
| A | Styremedl/ungd.ansv. | Nils Olav Langeteig | |
| B | Varamann | Steinar Berkvam | attvalg |
| | | | |

**Jaktutval**

| | | | |
|---|---|---|---|
| A | Formann | Svein Inge Lundheim | |
| A | Medlem | Steinar Berkvam | |
| B | Medlem | Ivar Fagerheim | attvalg |
| B | Varamedlem | Vidar Frækaland | attvalg |

**Fiskeutval**

| | | | |
|---|---|---|---|
| B | Formann | Jan Thore Fedje | attvalg |
| ~~B~~ | ~~Medlem~~ | ~~Steinar Røysum~~ | 10. april |
| A | Medlem | Jacob Holen | |
| B | Medlem | Ivar Ness | attvalg |
| A | Varamedlem | Geir Ove Røysum | |
| | | | |

**Revisor**

| | | | |
|---|---|---|---|
| B | | Sverre Fossen | attvalg |
| A | | Inge Yttri | |
| | | | |

**Valnemnd**

| | | | |
|---|---|---|---|
| B | Formann | Jan Thore Fedje | attvalg |
| B | | Geir Nygard | attvalg |
| A | | Per Olav Henjum | |
| | | | |

# Årsmøte i Leikanger Jakt- og Fiskelag

Fjordkroa den 5. mars 1999 kl. $19^{00}$ –
~~Dett~~ møtte 12 medlemer.

Sak 1: Godkjenning av innkalling
Godkjent utan merknad

Sak 2: Val av 2 personar til å underskrive møteboka.
Bjørn Ove Sleig og Vidar Frakaland

Sak 3: Årsmelding.
Ingen hadde merknader til årsmeldingane

Sak 4: Rekneskap.
Revisor viser til at verdien av tømmer/materiale ikkje kjem fram i status.
Verdien av dette er kalkulert til ca. 60.000,-
Sum aktiva skal såleis vere 143.248,-

Sak 5: Val

På val:

Styret: <u>Kurt Langeteig</u>, leiar
Ingen andre forslag – attval
<u>Sven Erik Vestby</u>, sekretær.
Har sagt frå seg attval. Valnemnda har ingen ny kandidat og får frist til 10. april for å finne ny kandidat.
Styret får fullmakt til å godkjenne denne.

Steinar Berkvam, varamann til styret
Ingen andre forslag – attval

Jaktutval:

Ivar Fagerheim, medlem
Ingen andre forslag – attval

Vidar Frækaland, varamedlem
Ingen andre forslag – attval

Fiskeutval:

Jan Thore Fedje – formann
Ingen andre forslag – attval

Steinar Røysum – medlem
Har sagt på seg attval. Valnemnda har ingen ny kandidat og får frist til 10. april for å finne ny kandidat. Styret får fullmakt til å godkjenne denne

Ivar Ness – medlem
Ingen andre forslag – attval

Revisor:

Sverre Fossen –
Ingen andre forslag – attval

Valnemnd:

Jan Thore Fedje – formann
Ingen andre forslag – attval

Geir Nygard
Ingen andre forslag – attval

Sak 6: Ymse.

Svein Inge Lindheim orienterte om arbeidsplan for jaktterrenget.

Orienteringssaker:

- NM i Førde 10.–17 juli 1999.
  Frode Husum orienterte om arrangementet.

- Lagsanlegget i Heinjadalen
  Odd Relesnes orienterte. Anlegget er kalkulert til 1,4 mill. kr.

Vidar Frakaland    Bjørn Ove Steig.